




INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

1/2022



**Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ
postmottak@vaga.kommune.no**



Tlf. 61 29 36 00

LEIGE AV JORD – KRAV TIL JORDLEIGEAVTALER

Jordlova regulerer driveplikta på dyrkajord. Driveplikta er ikkje personleg

§ 8, 2. ledd i jordlova

Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. Eigaren må sende kopi av avtala til kommunen. Ei leigeavtale som er i strid med andre eller tredje punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.

Som det går fram av lova, skal leigetida vere på minst 10 år av gongen, utan høve for eigaren til å seie ho opp. Dette for å gje føreseieleg driftsforhold for den aktive gardbrukaren

Vi får mange avtalar som berre er på fem år eller stuttare. Dette er i strid med driveplikta.

Dersom det blir avtala kortare leigetid må det søkjast fritak frå driveplikta. Det kan vere ulike argument for å inngå kortare leigetid, t.d. overdraging til ny eigar innan kort tid, brukar skal sjølv ta drive areala om kort tid osb.

Dersom det blir søkt om fritak, kan fritak for t.d. tre eller fem år på vilkår om at arealet blir leigd ut desse åra. Når frifallperioden er over må eigar leige bort jorda på minst 10 år.

Dyrkingsparsellar i statsalmenninga skal i utgangspunktet bli drive av garden som har fått utvist arealet. Bortleige i kortare periodar (1-

3 år), av ulike årsaker, kan vere naudsynt. Men husk at bortleige i meir enn fem år betyr at parsellen eigentleg har fulle i det fri.

Det er Fjellstyret som fattar frifallsvedtak.

Er du ikkje sikker på regelverket, ta kontakt med landbrukskontoret



TILTAK I BEKKEKANTER

Vi oppfordrar alle bønder og grunneigarar til å ta kontakt med kommunen i forkant av inngrep i bekker, kantsoner og vegetasjonssoner. Dette for å avklare kva for tiltak som kan gjerast og om det må innhentast uttale frå andre instansar som til dømes Statsforvaltaren og/eller fylkeskommunen.



VEGETASJONSBELTER LANGS BEKKER OG VASSDRAG


Eit godt etablert vegetasjonsbelte langs bekken har mange funksjonar. Det avgrensar avrenning av matjord og næringsstoffa, reduserer erosjon i sjølve bekkeløpet, bedrar forholda for insekt, fuglar, plantar og vilt.

Vegetasjonsbeltet må skjøttast. Trær som heng utover vassflata bør fellast før dei veltar og skaper problem med oppstuvning i bekken. Bekkeløpet bør haldast fri for kvist.

I forskrift om produksjonstilskott er det eit krav om ein miljøvennleg jordbruksproduksjon. Snauhogst langs bekker vil vere et brot på dette kravet, og kan føre til trekk i produksjonstilskottet. Er du usikker på korleis du skal skjøtte vegetasjonssona eller kor mykje du kan tynne ut, ta kontakt med landbrukskontoret.

I forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket § 4 står følgende vilkår for å mota produksjonstilskott:

Det skal være etablert naturlig vegetasjonssone mot vassdrag med årsikker vassføring. Ho skal vere brei nok til å motverke avrenning til opent vatn under normal vassføring, men ho må vere på minst 2 meter (nokre gonger over 2 meter) målt frå vassdragets normal vasstand. Denne sona kan aldri jordarbeidast. Dette gjeld for alle, heile året.



LANDBRUKSFOND

Det er avsett 250 000 og 390 000 kr i hhv. Sel og Vågå til landbrukstiltak i 2022.

Jordbrukstiltak: Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, nydyrking og grøfting, støtte til mindre investeringar til utbetring/ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge.

Solcellestrømproduksjon (berre i Sel).

Skogbrukstiltak: Ungskogpleie, nyanlegg/ombygging av skogsvegar, drift i bratt terreng.

Diverse: Tilskott til omdømmebygging.

For mange ordningar er maksimal tilskottssats kr. 30 000,- I Vågå vart maksimalsatsen redusert til maks kr. 25 000,-
For utmåling og komplett regelverk sjå:

www.vaga.kommune.no

SMIL-TILSKOTT

SMIL-midler skal bli brukt på tiltak i jordbrukslandskapet. Tiltak i utmarka fell i hovudsak utanom ordninga. Det kan vere gråsoner, t.d. beiteprega areal i seterområda.

SMIL-tilskot skal ikkje bli gjeve til lovpålagte tiltak og andre tiltak som inngår i ordinær jordbruksdrift. Areal som det blir søkt produksjonstilskott på, fell utanom ordninga, t.d. vedlikehald av gjerde, fjerning av gamle gjerde, rydding av areal og ordinær avfallshandtering.

Prioriterte tiltak

Kulturlandskap

- Rydding og inngjerding av gamal kulturmark som skal nyttast til beite. **Gjeld areal det ikkje er søkt produksjonstilskott på.**
- Rydding av stier og gamle ferdselsveger i landskapet.
- Tilskot avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag (KO) eller 30.000 kr pr. tiltak

Kulturminner/Kulturmiljø

- Verneverdige bygningar og kulturminne.
- Hus som ikkje lenger er i dagleg bruk. Tilskot avgrensa til 35% av godkjent KO.
- Seterhus/kårhus avgrensa til 20% av godkjent KO.
- Alle tiltak på bygningar er avgrensa til 100.000 kr pr. bygning.

Andre tiltak

- Utekveer og samleplassar for beitedyr.
- Etablering av permanente lagerplassar for rundball.
- Etablering av fangdammar.
- Tilskot avgrensa til 35% av godkjent KO eller kr 30.000 pr. tiltak.

Hafelle

Det gis tilskot til fjerning av piggråd, som erstattast med toppbord og fjerning av gamle gjerder som ligg nedfalls i utmark og gjerde mellom innmark/utmark.

Tilskotssatsen er 10 kr/m og gjeld kun i Vågå.

Tiltak skal ikkje være påbegynt, før søknaden er innvilga.

For nærare informasjon om regelverk, satsar m.m. sjå heimeside til Sel kommune eller Vågå kommune, eller kontakt landbrukskontoret. SMIL-midlar søkjast via Altinn (Agros).



IBU- TILSKOTT FRÅ INNOVASJON NORGE

Prioriteringer for 2022 for Innlandet.

Tradisjonelt landbruk:

- ☐ Melkeproduksjon. Omlegging fra bås til løsdriftsfjøs med 15-30 årskyr skal særskilt prioriteres.
- ☐ Ammeku, sau og geit, nødvendig oppgradering skal prioriteres foran kapasitetsutvidelser.
- ☐ All økologisk produksjon, men på grunn av markedssituasjonen gis det ikke tilskudd til utvidelser eller nyetablering for økologisk konsumegg og svin. For økologisk kylling og kalkun kreves avtaler.
- ☐ Varige investeringer innen grønnsaker, frukt og bær.
- ☐ Lager og tørkeanlegg for korn.

Bygdenæring/Tilleggsnæring:

Det er ingen tydelig prioritering av midler til landbruksbaserte næringer. Innovasjon Norge ønsker å stimulere til nyskapende og gode prosjekter. Nasjonalt er det ønske om å støtte gode prosjekt innan lokalmat, "Inn på TUNET" og landbruksbasert reiseliv.

Det kan bli gjeve tilskott til etableringsfase, bedriftsutvikling og/eller investering.

De finn meir informasjon om BU-midlane på Innovasjon Norge sine nettsider.

Kontakt landbrukskontoret om de har spørsmål eller treng hjelp.



REGISTRERE HENDINGAR I HUSDYRREGISTERET

Det er viktig (og pålagt) å registrere hendingar i dyrehaldet i Husdyrregisteret. Det kan gjelde fødsel og dødsfall (storfé), sal og kjøp mv. (storfé, småfé). I samband med søknad om produksjonstilskott får vi opp ein del varslingar der automatiske kontrollar finn at det ikkje er samsvar med dyretal på søknad og det som er registrert i Husdyrregisteret. Dette kan medføre feil utbetalingar, og vi vil difor oppmode om å registrere alle relevante hendingar til Husdyrregisteret når dei skjer. Dersom de nyttar Kukontrollen eller Storfekjøttkontrollen, blir data vidaresenda til Husdyrregisteret automatisk.

~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ~~

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 920 41 410,
e-post: piw@vaga.kommune.no

Kjersti Reksen, tlf. 947 99 432,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Oda Aulstad Kvisberg, tlf. 901 70 492,
e-post: oak@vaga.kommune.no

Torje Bjørke, tlf. 416 74 644
e-post: torje.bjorke@vaga.kommune.no

Anna Bilstad, tlf. 917 26 739
e-post: anna.bilstad@vaga.kommune.no

Ola Løkken (GlommenMjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: ol@mjosen.no

Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:

Ola Lusæter og Ivar Ulsand